

Vår ref.:
21/01412-6

Vår dato:
09.06.21

Referat IDF 4/21 (07.06.2021)

Tid: 07.06.2021, kl. 12.30 – 15.00 på Zoom

Til stades:

Arbeidsgjevar:

Gunnar Yttri	Rektor
Tage Båtsvik	Organisasjonsdirektør
Wenche Fjørtoft	Avdelingsleiar HR
Linn Melby Meyer	Rådgjevar HR / referent

Arbeidstakar:

Ingrid Grønsdal	Utdanningsforbundet
Pål Albert Olsen	Akademikerne
Nina Samnøy	Akademikerne (bistittar)
Eva Leirbæk	Parat
Gjert Anders Askevold	Forskerforbundet
Tone Skjerdal	NTL
Torill Irene Olesrud Fjørtoft	Norsk Sykepleierforbund
Karin Bell	Hovudverneombod

FASTE PUNKT

18/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

INFORMASJONS- OG DRØFTINGSSAKER

19/21 Saker til styremøte

Rektor Gunnar Yttri deltok i møte for å gå igjennom styresakene.

28/21 – Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll

29/21 – Oppnemning/godkjenning av studentrepresentantar til styrer, råd og utval ved HVL

Rektor orienterte kort. Ingen innspel frå HTV.

30/21 – Revisjon av forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved HVL

Rektor orienterte kort.

Forskerforbundet viser til at det er gjort mykje godt arbeid, men ønskjer meir informasjon om punktet «veileders kompetanse». FF stiller her spørsmål om kvifor dosent og førstelektor ikkje kan vere bi-veileder

eller vere med i eit rettleiingsteam, sidan dette punktet for alle stillingar er ein del av karriereutviklingsløpet og ikkje berre for forskarløpet og professorløpet.

31/21 – Etablering av Avdeling for samfunnskontakt- arbeidsliv og livslang læring

Rektor orienterte kort.

NTL viser til at det er veldig bra å få på plass ei einig og leiing for arbeidet knytt til livslanglæring, det har vore etterlengta i HVL etter fusjonen. Viser til at det i framlegget ikkje er mykje ressursar som er knytt til denne eininga, men ser på det at dette er første byggestein på vegen vidare for avdelinga.

32/21 – Periodisk evaluering av samla studieportefølje ved HVL våren 2021

Rektor orienterte kort.

Overordna viser FF til at det er ei omfattande sak der tidsaspektet har jobba litt imot arbeidsgruppa. Viser til at det er viktig å ta seg tida til å forankre dette godt i organisasjonen. NTL stettar dette og viser at det er ei investering for seinare periodiske evaluering. Alle saker som omhandlar fakulteta burde vore drøfta på ID møta før det går vidare på HVL nivå, ved å gjere dette blir fleire tilsette informert og involvert, og styret kan få saksutgreiingar som stettar breiare opp under dei strategiske sakene.

Verneombodet viser til at god involvering i organisasjonen er viktig, kan få fram fleire perspektiv. FF etterspør korleis HVL kan sette agendaen å tilby noko nytt til nærområdet basert på forskinga som vert gjort, i tillegg til å følgje etterspørselen frå nærområdet?

Rektor merkar seg innspel og vil arbeide vidare med konsentrerte saksutgreiingar i det vidare arbeidet. Alle er samde i at ein treng eitt styre som er godt informert og kan gjere strategiske vedtak for HVL.

33/21 – 37/21 – Søknadar om utgreiingsløyve for utdanningar i HVL

Rektor orienterte kort om dei fem søknadene om utgreiingsløyve for:

- Master i kunstfag ved FLKI
- Master i lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1 – 13 master i kunstfag ved FLKI
- Master i anvendt datateknologi ved FIN
- Bachelor i Helse, Miljø og Sikkerheit ved FIN
- Bachelor i nautikk med integrert praksis ved FØS

Overordna stilte NTL spørsmål om når søknader om utgreiingsløyve kjem til styret, burde det ha følgt med ressursar til einingane?

Verneombodet stiller spørsmål om ein har så romslege økonomiske ressursar at tilsette kan omstille seg innafor dei gjeldande rãmene. Mykje av arbeidet kan gjerast innafor rãmene, men ei omlegging kostar ressursar og det er viktig å tenke på.-

38/21 – Forlenging av mellombels forskrift om studium og eksamen ved HVL

Rektor orienterte kort. Ingen innspel frå HTV.

39/21 – Forsøksordning for lærarkvalifisering

Rektor orienterte kort.

Forskerforbundet viser til at det er mykje politiske satsingar ved lærarutdanningane. Det er viktig at HVL er med i denne satsinga, som kan gje HVL betre kvalitet for lærarar, studieplassar og midlar som kan nyttast i det vidare arbeidet.

Parat stiller spørsmål om lærarane skal fullføre utdanninga i den gamle rammeplanen sidan det skal vere ei 4-årig grunnskulelærarutdanning utdanning.

Rektor viser til at utdanninga ikkje vil vere heilt identisk med den gamle rammeplanen, då det har komme til ein del nye krav for lærarar som må leggast til.

40/21 – Løypemelding: utvikling av studieporteføljen ved HVL – førebelse innmeldingar av endringar for studieåret 2022/23

Rektor orienterte kort.

FF viser her til tidlegare sak, det er viktig med balanse i studieporteføljen mellom eigne og ytre forventningar. Rektor er samd og viser til at det er viktig at HVL får vist fram kva vi kan tilby og ikkje berre vere lydhyre i kva omgjevnadane ønskjer.

41/21 – Gjennomgang og eventuell justering av HVL strategi 2019 - 2023

Rektor orienterte kort. Ingen innspel frå HTV.

42/21 – Styrets evaluering av eige arbeid

Rektor orienterte kort.

O-23/21 – Løypemelding Campusutviklingsprosjektet

Rektor orienterte kort. Ingen innspel frå HTV.

O-24/21 – Status søkjartal per. 15. april

Rektor orienterte kort.

FF viser til ei interessant trend, der søkjarane søker seg til mindre campus på mindre stader enn campus i dei store byane. Viser til at det er viktig å vere merksam på kva som skjer og at det er ein balanse mellom store og små campus også i rekrutteringssituasjonen ved HVL.

Rektor viser til at det er viktig å vite kvifor det er nedgang i tal studentar ved ein campus.

NSF viser til at det er positive tendensar ved FHS, der dei desentraliserte utdanningane og deltidsutdanningane gjer det bra. Det er viktig å halde fram med utdanningar som svarer på samfunnsbehova.

Det vert vist til frå Parat at tal studentar ved HVL går stadig litt nedover, her må ein sjå vidare på trendane knytt til låge fødselstal og konkurransesituasjonen på Vestlandet.

Verneombod viser til at det er viktig å ha gode ramar kring studentane, godt studiemiljø og godt læringsmiljø. Det er studentane som skaper høgskulen sitt gode rykte og omdømme.

O-25/21 – Tilstandsrapport for høgare utdanning – Hovudtal og tendensar for HVL

Rektor orienterte kort.

O-26/21 – Rekneskap 1. tertial 2021

Rektor orienterte kort.

O-27/21 – Oppstart budsjett 2022 med langtidsplanar

Rektor orienterte kort.

Akademikarane stiller spørsmål om HVL har kontroll over avsette midlar og om det er ein plan for desse. Rektor viser til at dette vert omtalt i styresaka, men at den største utfordringa ligg på fakultetet som har oppsamla midlar.

NSF stiller spørsmål om kvifor fakulteta ikkje klarar å nytte seg av desse midla, er det fordi dei er gitt for seint på året eller er det fordi dei er øyremerk? Rektor viser til at det er eit samansett bilete, men for det fakultetet som har flest midlar, er det knytt til store nasjonale satsingar.

FF viser til at det er forståeleg at midlar vert trekt dersom dei ikkje vert nytta. Men viser til at mykje handlar om kapasitet og ressursbruk. HVL må unngå å skyve på og utsette FoU-arbeidet. Fakulteta vil gjerne mykje, men har ikkje ressursar til å gjennomføre. NTL er samd i problematikken kring kapasitet, og viser til at ein må kunne rekruttere kapasitet i tråd med midlar og gjennomføringsgrad for prosjekta. Det må vere mogleg å tilsette i fleire stillingar på lågare nivå for å kunne møte etterspørselen for så gjennomføre intern kompetanseheving.

Organisasjonane er samde i at ein treng å sette fokus på kapasitet for å kunne gjennomføre prosjekt ein har fått midlar til, samstundes som ein må ha tid til forskning.

0-28/21 – Handlingsplan for bærekraft ved HVL – bærekraft 2021+

Rektor orienterte kort. Ingen

Organisasjonane er samde i at dette er eit viktig og spanande prosjekt. Viser til at det er viktig å få med breidda av organisasjonane inn i planen og viktig å få berekraft inn i emnebeskrivinga ved HVL. Viktig å få fram grasrotengasjementet!

Rektor viser til at denne saka ikkje gir eit fullt bilete av kva som skjer i fagmiljøa, men det vert arbeidd med å få berekraft inn på emne- og programnivå. Samfunnsviterne stiller spørsmål om kva som skal vere den nye normalen etter pandemien. Berekraft må inn i vurderinga i større grad, til dømes i vurderinga av kva møte som kan vere digitale i staden for fysiske.

0-29/21 – Rektor sine orienteringar

Rektor orienterte kort.

NTL stilte spørsmål om ny UH-lov og om styret vil bli førelagt ei sak knytt til kva som er nytt og kva konsekvensane den nye lova har for HVL?

FF viser til at denne månaden er det PRIDE. Nøgd med at det vert flagga på alle campus som har moglegheit for det. Men stiller spørsmål om HVL markerer seg på anna måte?

Rektor viser til at det er fleire tilsette som har delteke i arrangement i Bergen og Sogndal, men at arbeidet med mangfald ikkje har komme langt nok. Rektor viser her til arbeidet knytt til handlingsplan for likestilling, mangfald og inkludering, og at det er viktig å kome vidare i dette arbeidet. Rektor vil fokusere på dette i sin tilsettingsperiode.

20/21 Etablering av campusvise velferdsutval

Leiar for velferdsutvalet orienterer om saka.

Organisasjonane er samde i at det er eit godt tiltak og at det er viktig for å skape ein betre kultur i HVL. Organisasjonane og leiinga er samde i at ein må opprette fem lokale velferdsutval (L-VFU), ein ved kvar campus. Leiar for velferdsutvalet vil gjere lista over medlemmar kjend. Arbeidsgjevar utpeikar medlemmar som manglar (1 i Førde, 3 i Bergen, 2 på Stord, og 1 i Haugesund) innan 1. august.

Dei lokale velferdsutvala vil eigne prosjektnummer for overføring av velferdsmidlar frå Felles velferdsutval. Medlemmane i L-VFU vert oppnemnd i 2 år om gangen.

21/21 Eventuelt

Tilbakemelding frå FF: Særavtale for funksjonstillegg

Stiller spørsmål kva informasjon som går frå HVL til leiarane om særavtalen. Viser til at det i dag er ulik praksis. Arbeidsgjevar vil følgje opp denne problemstillinga vidare, og vil utarbeide betre informasjon til leiarane når det kjem til særavtalane.

Tilbakemelding frå FF: uro og mindre tillit til tilsettingar ved HVL

Utrykker bekymring over at tillitsvalde får korte fristar for deltaking i tilsettingsprosessar, noko som gjer det vanskeleg for TV å delta. Dette medfører at det ofte ikkje er tilsettere representantar eller tillitsvalde med på intervju og i tilsettingsprosessen.

Arbeidsgjevar tek med seg denne problemstillinga vidare. Men viser til at det er næraste leiar/instituttleiar som innstiller til stillinga, TV skal delta i intervjuet for å sjå til at intervjuobjekta vert likebehandla.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen handskrivne signaturar.